

ÅRSMELDING FOR IL MODIG



2022

Innhald

Gruppeoversikt.....	3
Årsmelding frå hovudstyret	7
Møter	7
Viktig arbeid i styret har vore	7
Kort oppsummering av aktiviteten i 2022	8
Litt om økonomi.....	9
Medlemstal.....	10
Særforbund.....	10
Vedlikehald, reinhald og stell av uteområde	10
ÅRSMELDING FOR TRIMGRUPPA 2022	12
ÅRSMELDING FOR SKI- OG SKØYTEGRUPPA 2022	15
ÅRSMELDING FRÅ FRIIDRETTSGRUPPA ÅR 2022	17
ÅRSMELDING FOR VEKTLØFTARGRUPPA 2022.....	19
ÅRSMELDING FOR MARKNADS- OG KULTURNEMNDA 2022	21
ÅRSMELDING FOR IDRETTSKULEN	22
ÅRSMELDING FOR SPINNINGGRUPPA.....	22
ÅRSMELDING TILSYNSNEMDA FOR JASHAUGBU OG SKIHYTTA 2022	23

Gruppeoversikt IL Modig 2022

Jfr. årsmøte 25.03.2022

Styret 2022:

Leiar: Dag Einar Bøtun

Nestleiar: Arne Olav

Bardølsgård

Kasserar: Christian

Valsvik

Sekretær: Siri Wølneberg

Bøthun

Materialforvaltar:

Frode Høgberg

1.vara: Gry Settevik

2.vara : Ingvar Vangsnes

Trimgruppa:

Leiar: Heidrun T.

Hauglum

Anne Marie Bøtun Øyri

Bente Settevik

Anita Høydal

Friidrettsgruppa:

Leiar: Dag Einar Bøtun

Kirsten J. Bøtun

Aud H. Bøthun

Toril Nesheim Tokvam

Marie Stensholt

Spinninggruppa:

Leiar: Siri Otterhjell

Liv Hatleli

Hild Jorun Kårtveit

Ski- og skøytegruppa:

Leiar: Aud Hønsi

Leidulf Breili

Geir Ove Bøthun

Eirik Bøthun

Monika Haglund

Vektløftargruppa:

Leiar: Ole Håkon Tokvam

Dag Einar Bøtun

Ronny Hov

Idrettskulen

Leiar: Sverre Høgheim

Dee Cunningham

Marianne Bøthun

Kultur- og

marknadsnemd:

Leiar: Gyda Bøtun

Tiril Bøthun

Marianne Bøthun

Sverre Høgheim

Therese Bøthun

Tilsynsnemnd skihytta

og Jashaugbu:

Leiar: Siv Settevik

Jarle Breilid

Leidulf Breilid

Tilsynsnemnd klubbhus

og bane:

Audun Breili

Jon Arve Nesheim

Utdanningskontakt:

Anne Marie Bøtun Øyri

Statistikkutval:

Lagt ned?

Revisor:

Jomar Hov

Monika Labik

Vara: Bjørg Fritsvold

Valnemnd:

Olav J. Bøtun – kallar

nemnda saman

Marte Bardølsgård

Marie Stensholt

Kontrollnemnd

Rune Hatleli

Anne Marie Bøtun Øyri

Vara: Ole Bjørn

Skogheim

Kommentarar ang.

valrutinar:

Leiaren for hovudstyret
vert vald for 1 år om
gangen. Resten av styret 2
år.

Varamedlemar sit 2 år om
gangen (1 år på 2.plass og
1 år på 1.plass.)

Årsmelding frå hovudstyret

Møter

Det er halde 5 protokollførte styremøte i 2022.

Årsmøtet vart halde 03.03.2022, 8 medlemmar i tillegg til 3 styremedlemmar møtte fram.

Viktig arbeid i styret har vore

- Funksjonærer i Mensen Ernst minneløp
- Digital registrering av alle medlemmar i laget. Fått på plass elektronisk fakturering.
- Dugnad/opprydding av garasjen
Arrangering av 17. maidugnad i lag med 17. mainemnda og deltaking på dugnaden
- Funksjonærer i Mensen Ernst minneløp
- Innkjøp av bord
- Innkjøp av snøscooter

På årsmøte i 2022 blei det vedteke å setje av 100 000kr til innkjøp av ny snøscooter til IL Modig. Det var også budsjettert med 20 000 i sal av den gamle scooteren. Styret har sidan jobba med å finne ein så god som mogleg snøscooter innanfor budsjettet, og hausten 2022 blei det kjøpt inn ny snøscooter og den gamle vart seld kort tid etterpå.

Styret har også jobba med å kjøpe inn nye bord som er enklare å transportera enn dei gamle borda me har idag. Fleire av dei er også modne for utskifting med tanke på slitasje. Formålet er at andre lag og privatpersonar i bygda kan få leige borda ved behov. I første omgang har me satt ein pris på 50kr pr bord, og me fekk kjøpt inn 10 bord hausten 2022.

På eit styremøte i desember blei det bestemt at me skal skaffe oss ei eiga nettside for IL Modig, for å samle all informasjon kring laget på ein plass. Det vil også vera mogleg å gjennomføre booking, av til dømes klubbhus, skihytta, bord, møterom med meir på nettsida. Me vil også ha ein kalender-funksjon, der alle aktivitetar i laget vil visast. Arbeidet starta i desember 2022, og har haldt fram i starten av 2023. Målet er at nettsida skal vera klart til årsmøte. Nettsida blir satt opp og drifta av styret, og inkludert i prisen er det 4 rettleiingstimar som har vore nytta i februar og mars. Alle gruppeleiarar kan også få tilgang til nettsida og drifte si "aktivitetsfane" på heimesida. Det eksistera også ein tilhøyrande app med til nettsida, og her kan alle som lastar ned appen følgje med på ulike aktivitetar og motta varslar på til dømes møter eller treningar.

I 2021 jobba styret med søknad om finansiering av gymsalgolvet hjå Sparebankstiftelsen, men fekk avslag. I 2022 har det vore mykje usikkerheit i forhold til utbygging av barnehagen. Blant dei opprinnelege planane skulle barnehagen nytte gymsalen under byggeperioden. Det er derfor ikkje lagt noko arbeid i gymsalgolvet i år. Dette må me ta vidare når barnehagen er ferdigstilt.

Kort oppsummering av aktiviteten i 2022

IL Modig arbeidar for å legge til rette for trim og fysisk aktivitet for medlemmar, bygdefolk og gjester. Etter to år prega av korona, har me no endeleg komme tilbake til "normal" aktivitet.

Kajakkane har vore tilgjengelege for utleige heile sommaren, men me har ikkje klart å skaffe ein person med hovudansvar for dette. Det har medført litt problem ved spørsmål, men også ved tilsyn, vedlikehald og vinterlagring. Øydis K. Bøtun har steppa inn i jobben ved ulike anledningar. Det må derfor utnemnast ein ansvarleg for kajakkane om ikkje tilbodet skal avviklast.

Besøket på Jashaugbu har vore normalt i år med 61 overnattingar. Skihytta har også vore nytta, men i liten skala. Me håpar den nye nettsida vår kan vera med å reklamera meir for skihytta vår, og gjera det enklare med booking.

Me har hatt ein lang og kald vinter, men Modig har ikkje klart å organisera noko sprøyting av bana for å lage skøyteis. Dette er noko styret ønskjer at laget skal legge ein plan for til neste år.

I 2022 har blitt auka aktivitet på dametrimmen, då det har vore fleire som har delt på ansvaret. Det har vore eit flott og variert opplegg, med godt oppmøte kvar onsdag gjennom haust og vinter.

Nytt av året er at Marita har starta opp turntrening.

Turnen hadde sin fyste trening 27. april 2022. Allereie då hadde begge gruppene godt oppmøte. Foreldre & born 2-5 år har hatt i snitt 10 ungar + foreldre, og skuleborn 1. klasse og oppover har hatt ca 13 ungar i snitt kvar trening. Rekorden er 16 stk hjå dei minste og 19 hjå dei eldste. Nesten kvar trening har me hatt ungar frå Feios, og det har og vore treningar med ungar frå Fresvik, Feios, Vangsnes og Vik. Det har vore ekstra stas.

Foreldre & born-partiet handlar mest om frileik, kor det er satt opp ei løype av utstyr kor ungane får utfolda seg og springa fritt. Sjølv om det er stas med trampoline og tunnelar, er favoritten hos ungane på dette partiet å hoppa ned frå scena til tjukkas. Ekstra stas med ny, mjuk tjukkas.

Hjå dei eldste ungane er det mykje leikprega trening, men og noko målretta trening for progresjon i ulike turnøvingar. Etter som nivået har auka betraktelig er det ekstra stas med nytt utstyr som kom 31.januar 2023, då sikkerheiten er betre, samt at ungane tør meir. Med nye tjukkasar og ny trampett har moglegheitene ingen grenser av kva me kan få til i gymsalen.

Treninga har vore torsdagar, fordelt slik: Foreldre & born 2-5 år 17:15-18:00, Skuleborn 1. klasse og oppover 18:05-19:00.

Turnaktiviteten har ikkje vore tilslutta ei spesifikk gruppe i Modig så langt, og det er derfor ytra ønskje frå både Marita og styret, at turngruppa skal gå inn under idrettskulen frå 2023.

Trimgruppa har med si vanlege tilrettelegging bidrege til at folk har vore aktive på eigehand, utandørs. Tilboda gruppa står for i høve eigenaktivitet med trimkassar, sykkelkassar og distansekort har vore mykje nytta. Det har vore gjennomført både trimfest og romjulsmarsj i løpet av året.

Mensen Ernst minneløp vart arrangert utan koronarestriksjonar for første gong på 2 år. Eit vellukka arrangement, sjølv om deltakartalet var tilnærma likt som i 2020 og -21. Ei tid før løpet fekk Mensen Ernst minneløp godkjent ein søknad på 10 000kr frå Sogn Sparebank som kunne nyttast til arrangementet. Sverre Høgheim var ute å mottok gåvesjekken på vegne av laget. Svært gledeleg var det at IL Modig og Mensen Ernst minneløp fekk prisen for årets arrangement, 2022 under friidrettsgallaen i Lillestrøm i november.

Friidrettsgruppa arrangerte også ein dag med idrettsmerke på seinsommaren. Før idrettsdagen blei gjennomført, blei det kjøpt inn nye kuler og nytt måleband til friidrettsgruppa, noko gruppa var godt nøgde med då utstyret var modent for utskifting.

Litt om økonomi

Laget hadde avrunda, kr. 555 606kr på konto ved inngangen av 2022. Ved årsskifte 2022/23 har me avrunda kr. 464 684kr. Det enda såleis i eit sluttresultat på 90 922 i underskot året 2022.

Av dei oppsparte midlane er 100.000 frå 100-årsgåva frå Fresvik Bygdalag i 2019. Desse er avsett til felles prosjekt med Fresvik EnSpirekule for gymsalen.

Basaren som skulle haldast i 2021 blei utsatt, og i staden gjennomført i mars 2022. Dette gav gode inntekter til laget.

Mensen Ernst Minneløp gav også gode inntekter. Det var likevel bestilt inn omlag 40 medaljar som ikkje blei nytta. Kostnadar med medaljane samt mindre påmeldingar enn forventa var med redusera overskotet ein del. Gledeleg var det at Sogn Sparebank gjekk inn med 10 000kr i støtte til arrangementet. Me har hatt nok inntekter til å dekke dei aktivitetane som har vore, og noko vedlikehald, men me har ikkje hatt store nok inntekter til å dekke alt av investeringar og gåver som har vore utbetalt i år. Dei største inntektskjeldene er lista opp i tabellen nedanfor, elles syner me til rekneskapen for ei meir detaljert oversikt.

Me har søkt på straumstøtte for klubbhuset, og fått innvilga desse.

Det har vore ein større utgiftspost på vedlikehald. Dette var oppgradering av den andre kummen ved klubbhuset, etter at den første blei reparert pga frostskade i 2021. Dette kosta oss i underkant av 16 000

I 2022 gjekk klubben også til innkjøp av ein ny snøscooter, noko som har vore etterspørt i fleire år. Prisen på ny snøscooter var 110 000kr, medan den gamle blei seld til 22 000kr. Elles

er forsikring av laget sine eigedomar ein stor utgift på i alt kr. 28 252kr i 2022, me hadde dessutan straumutgifter på avrunda kr. 30 370 i 2022. IL Modig gav også ei gåve til Fresvik Enspire skule på 50 000kr.

Dei viktigaste inntektskjeldene i 2022

Inntekter frå Jashaugbu	kr. 12 800
Aktivitetstilskot NIF	kr. 15 000
Vik kommune, godtgjersle for stell av uteområde	kr. 32 000
Momskompensasjon	kr. 16 100
Tippemidlar (grasrotandel)	kr. 22 500
Gåve/støtte frå Helselaget:	kr. 25 000
Påmelding Mensen Ernst minneløp	kr. 21 000
Medlemskontigent	kr 33 500
Sal av snøscooter	kr 22 000

Merknad: i januar 2022 fekk me overført kr. 25 000 av Helselaget, for inndekking av ein vesentleg del av utgifta til nye treningsapparat i trimrommet som blei betalt i 2021.

Medlemstal

Ved årsskifte 2022/23 har laget 143 medlemmar, noko som er ein dobling av medlemstalet frå 2021. Det er fleire årsaker til dette, men dei viktigaste er nok nye medlemmar grunna turntrening og nytt trimrom, samt digitalisering av alle medlemmane. Av medlemmane er 2 stk æresmedlemmar, 56 hovudmedlem, 62 medlemmar er familiemedlemmar og 23 støtte medlem. 47 av medlemmane er under 20 år. Kjønnssfordelinga er relativt jamn med 78 menn og 65 kvinner.

Særforbund

IL Modig er medlem av følgjande særforbund:

Noregs Skiforbund

Noregs Skøyteforbund

Noregs Friidrettsforbund

Noregs Gang og Turmarsjforbund

Det er berre i Skiforbundet og Friidrettsforbundet laget må betale kontingent.

Vedlikehald, reinhald og stell av uteområde

Slåtten av bana og området rundt, samt slått av dei kommunale anlegga har som tidlegare vore utført av Eirik Breili. Vik kommune betalar idrettslaget for å stelle dei kommunale

uteområda i bygda, og laget tilsett ein person i sommarjobb til å utføre dette arbeidet. Dette er ei god avtale for laget.

Tiril Bøthun har hatt jobben med å vaske klubbhuset. Treningsrommet har vore vaska 1 gong pr. veke. Dette har vore organisert og drifta av Fresvik Enspire skule sit personell. IL Modig har gitt ei gåve på 1500kr i månaden til skulen, mtp å dekke utgifter for reinhald og straum på trimrommet.

Arrangerte dugnadar

Laget har som vanleg hatt den årlege dugnad i klubbhuset og på idrettsbana i lag med 17. mainemndi. Etter ønskje frå styret, ville me også rydde garasjen på denne dugnaden dersom det var godt nok oppmøte. Det viste seg å vera veldig bra oppmøte, og såleis fekk me også arrangert utrydding av garasjen. Her blei det skrudd opp knaggar, sortert utstyr, og alt bos blei kasta på ein hengar som blei frakta til Simas i Vik. I tillegg til garasjen fekk me vaska klubbhuset, spylt tribuna, slodding av bana, rydding i elvavegen, oppraking av lengdegrop og sandvolleyballbana, montering av Volleyballnett, vask av utebord og -stolar. Det deltok omlag 25 personar på dugnaden.

Onsdag og fredagen før Mensen Ernst løpet var det arrangert dugnad med førebuing til arrangementet. Her var det diverre lite oppmøte begge dagar.

Trimgruppa har elles eit generelt godt samarbeid med Bygdalaget når det gjeld rydding, merking og vedlikehald av stiar. IL Modig har gode samarbeidspartnarar i Bygdalaget, Vik turlag og Nærøyfjorden Verdsarvpark når det gjeld tilrettelegging for friluftsliv.

Under fylgjer årsmelding frå alle aktivitetsgruppene.

Ein stor takk til alle frivillige som stiller opp for laget ☺

Fresvik dato; Styret

Dag Einar Bøtun (leiar)

Frode Høgberg (materialforvaltar)

Siri W. Bøthun (kasserar)

Arne Olav Bardølsgård (nestleiar)

Christian Valsvik (kasserar)

ÅRSMELDING FOR TRIMGRUPPA 2022


Aktiviteten i trimgruppa har vore god dette året og. Me har gjennomført ein marsj, ingen kveldsturar eller dagsturar. Dette fordi det har vore liten og ingen oppslutnad på dei turane me hadde sett opp, og me bestemte oss då for å ta ein pause i å arrangera turar. Trimkassane har hatt 2433 besøk, noko som er ein nedgang frå i fjor då talet var 3366.

ROMJULSMARSJEN 2022

gjekk som tradisjonelt av stabelen 2. juledag kl 14.00



Me hadde start ved Ungdomshuset, der Anita sat og selde startnummer. 25 deltakarar gjekk til Bruavoll /Stokkabru i mildt ver, regn, snø og isete føre. På grunn av det dårlege veret hadde me ikkje bål, men Mia, Heidrun og Bente serverte gløgg og peparkaker. Ungane under ungdomsskulealder fekk ein liten premie/sjokoladenisse. Elles trekte me ut 3 premiar på startnr. Takk til Ronny som let oss få vera på Bruavoll/Stokkabru i år også.



skisenter.

TRIMKASSANE OG TRIMFESTEN

I år hadde me trimfesten som vanleg, den 6/11-22 kl.16.00 i klubbhuset. Me hadde ein fin ettermiddag ilag, der me var 35 stk. Me delte ut premiar for trimkassane, sykkeltrimmen og distansetrimmen. Me hadde severing av kaffi, saft, «lappar», kake og kringle. Selde loddar og trekte premiar. Vanleg loddosal og små gevinstar i år, men me hadde ein hoved-gevinst som var eit «dagspass» i Myrkdalen

Mia viste bilete frå Legaskar, Svamsnosi og flotte bilder frå Jordalen frå ein anna vinkel enn me pleier sjå. Viste og bilder av den nye trimkassane som er sett opp på Legdaskar og på Jordalskar. Dei nye kassane ser ut til å fungera fint i høgda med tanke på opning og lukking av lokka. Den tredje og siste kassen har me bestemt skal setjast opp på Gryteskarven i 2023.

Trimkassane har registrert 2433 besøkjande. 41 fekk premie for trimkassane. I år var premiane stor rumpeveske og i tillegg refleksvest til ungane.

Premiering i trimkassane 2022:

Kirsten Bøtun, Silje Bjørneklett, Ola Bjørneklett, Eline Bjørneklett, Øydis Bøtun, Dag Einar Bøthun, Marie Stensholt, Aslaug Bøtun, Agnar Bøtun, Gyda Bøtun, Ingvar Vangsnes, Heidrun Tennefoss Hauglum, Anne Gjertrud Hov, Monica Haglund, Sigrun Pedersen, Inge Øyri, Anne Marie Øyri, Anita Høydal, Nann Ingunn Simlenes, Dagrun Bøthun, Laila Nilsen Hatlelid, Leah Alexandra Daltveit Bøtun, Johanne Daltveit Bøtun, Aud Hønsi Bøthun, Hans Ivar Bøthun, Nils Georg Settevik, Bente Settevik, Siv Settevik, Niclas Settevik Høgberg, Guro Bøthun, Tiril Bøthun, Olav Bøthun, Geir Ove Bøthun, Siri W Bøthun, Thor Håkon Tokvam, Torill Nesheim Tokvam, Sebastian Lien Bardølsgård, Oliver Lien Bardølsgård, Ingar Breilid, Magnhild Breilid, Knut Tønder. I alt 41 stk

Oversikt over registreringar i kassane 2015-2022

	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22
Holten	575	546	431	442	424	480	285
Middagshaugen	253	231	239	281	362	324	250
Oddmundhytta	221	219	220	249	246	181	162
Legdaskar	333	379	477	446	469	423	344
Trollsgjelholten	55	55	63	90	91	113	70
Mot Jordalsskar	60	40	27	16	12	19	21
Jordalsskar	349	281	426	162	208	195	202
Snauasete	9	18	-	7	12	42	9
Storaleite	67	42	-	26	43	10	25
Huldafossen	1047	828 + vinter	713	834	1096	993	730
Tundalen	136	161	-	135	94	141	102
Gryteskarven	110	90	-	81	53	61	?
Mulakamben	316	364	230	239	375	349	202
Heljedalen	46	48	24	19	17	35	31
Tilsaman	3577	3299	2850	3027	3502	3366	2433

Registreringar i kassane pr år

År	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
besøk	2036	2661	2429	2778	2682	2698	3289	3471	3386	3577	3299	2850
År	2019	2020	2021	2022								
besøk	3027	3502	3366	2433								

DISTANSEKORT

8 stk hadde greidd krava, ein meir enn i fjor. Dei som greidde krava var Bjørg Bøthun, Anne Gjertrud Hov, Aslaug Bøtun, Agnar Bøtun, Jorunn Kårtveit, Anne Marie Øyri, Nann Ingunn Simlenes, Gyda Bøtun. Premien var dessertskål med dyremotiv.

SYKKELTRIM

Dette er 18. året me arrangerte sykkeltrim. Me har hatt ein kasse på Stølen og ein ved tunnelen. Ein må ha vore ti gonger i ein av kassane for å få premie. 7 personar deltok. Desse deltok: Aslaug, Gyda, Anne Gjertrud, Nann Ingunn, Heidrun, Sverre og Aud. Premie var sykkellykt til alle og sykkelklokke til dei som hadde vore både på Stølen og til Tunnelen.

DAMETRIM

Hausten 2022 starta dametrimmen opp att i gymsalen. No har fire damer teke tak i dette, og delar på å ha trimkveldar og opplegg for damer i alle aldrar. Der er og «gjestetrenarar» innom med variert opplegg. Det er aktivitetar som styrketrening, sirkeltrening, step og yoga. Dette har vore ein sakna aktivitet for damer og oppmøte har vore svært bra. Kjekt å ha kome i gang att med dette.

Timane har vorte publiserte på facebook.

MØTE

Trimgruppa har hatt tre møte dette året i tillegg til ein del uformelle samtalar/møte.

Trimgruppa er nøgde med deltakinga i året som har gått, men merkar likevel ein nedgang i trimmarar både sommar og vinter. Det alltid plass til fleire, og me vonar at mange blir med på aktivitetane våre i 2023. Har de forslag eller tankar om nye aktivitetar, så er me glade for alle innspel her.

Trimgruppa er til både for unge og eldre. Det er ingen konkurranse om å komma først i mål, gå raskast eller ha flest turar. Bruk naturen, bli med oss ut!

Heidrun Tennefoss Hauglum, Bente Settevik, Anita Høydal, Anne Marie Bøtun Øyri
Leiar

ÅRSMELDING FOR SKI- OG SKØYTEGRUPPA 2022

Gruppa har voresamansett slik:

Aud H. Bøthun – leiar

Geir Ove Bøthun

Monica Haglund

Leidulf Breili

I 2022 hadde me desse arrangementa

16. februar var det måneskinnstur til Svehøgdi i samarbeid med Trimgruppa. 12 stk som deltok. Det var overskya vår so det vart lite måne, men me skimta i han bakom skyene. Me hadde 2 søndagar med skileik i Skard. Det var den **6. mars** og **20.mars**. Det var bra med deltakarar begge gonger. Gruppa hadde køyrt opp løyper rundt tjødni og laga hopp i bakkane ved skihytta.

Me serverte kakao, kaffi og saft og selde mat, pizzabollar og pølser.



Kos med pølser og kakao i skihytta



Rakel og Sunniva

Den **3. April** arrangerte me skikarusell. Det var kun 2 deltakarar. Men dei som var med fekk kosa seg i grillhytta med pølser.

Det var ingen som tok skimerke i 2022.

Vintergruppa
Aud Bøthun
leiar

ÅRSMELDING FRÅ FRIIDRETTSGRUPPA ÅR 2022



Friidrettsgruppa har i år bestått av:

Dag Einar Bøtun, leiar

Marie Stensholt, Kirsten J. Bøtun, Torill Nesheim Tokvam, Aud Hønsi.

Mensen Ernst Minneløp

I 2022 har hovudfokuset til friidrettsgruppa vore på Mensen Ernst minneløp. Dette skulle vera første året utan korona-restriksjonar, og me var positive til at me kunne få ein god del fleire påmeldingar enn dei to siste åra. På våren handla me derfor inn 150 medaljar. Me hadde tre styremøte og to dugnadar i forkant av Mensen Ernst minneløp. Sjølve løpet blei arrangert laurdag 25juni. Me fekk strålande vær som alltid, og arrangementet gjekk veldig bra. Nytt av året var at me arrangerte stafett, med 4 på kvart lag. Stafetten starta saman med hovudfeltet. Nytt av året var også at me hadde elektroniske tidtakarbrikkar på startnummeret. Dette fekk me sponsa av Sogn og Fjordane Friidrettskrets, saman med startnummera. Dette sparte oss for ein god del peng, sjølv om me måtte leige inn sjølve tidtakarsystemet. Til trass for eit vellukka arrangement, var påmeldinga noko mindre enn me hadde håpa på, og var tilnærma likt som i koronaåret 2021. 110 i hovudløpet, 0 på

rullestølløp, 24 i barneløpet + 1 lag i stafetten. Totalt 138 deltakere. Dette var rett under Koronaåret 2021 (142 deltakere), og eit stykke bak rekord-året 2019 (169 deltakere).

Årets arrangement utanfor bane 2022

I haust blei IL Modig invitert til friidrettsgallaen i Lillestrøm, for å ta imot prisen "Årets arrangement utanfor bane 2022". Dette var ein svært gledeleg overrasking, og noko som har gitt friidrettsgruppa stor inspirasjon til å halde fram med jobben i 2023. I juryen sin begrunning stod det blant anna:

"Dette særegne arrangementet, med røtter tilbake til 80-tallet, er vel så populært blant deltakere som publikum. Her finnes tilbud til alle aldersklasser og et godt tilrettelagt alternativ for rullestolbrukere. Med løpstraséer i spektakulære omgivelser evner arrangøren ikke bare å gi deltakere og publikum en unik opplevelse, men også via sin kreative profilering Og å synliggjøre en av Norges første og største langdistanseløpere og hans bragder i livet. I år ble løpet arrangert for 36. året på rad, og etter tradisjonell kransnedleggelse ved minnesteinen kunne deltakerne igjen hylle løperkongen i dette originale minneløpet.

*Årets arrangement utanfor bane går til **Mensen Ernst Minneløp arrangert av IL Modig.**"*

Idrettsmerke

Friidrettsgruppa har i år som tidlegare arrangert idrettsmerke-prøvar, og me har i år hatt 7stk som har klart kravet; 6 damer og 1 mann. Ein person har fullført Me hadde planlagt å ha to dagar med idrettsmerke, men av ulike grunnar blei det berre ein dag, noko som er årsaka til ein lågare deltaking i år. I år fekk me kjøpt inn nye kuler og nytt måleband som kan nyttast under idrettsmerke og trening.

Øvelsane ein skal igjennom er hurtigheit (60 m), styrke (kast av kule), spenst (lengde hopp) og uthald (gå eller sykkel eller 3000m). Det finst fleire alternativer av øvelser, og krava blir satt etter alder og kjønn. Det er også krav om at deltakarane skal gjennomføre minst 20 økter med fysisk aktivitet (med varigheit på minimum 30minutt) i løpet av året før dei kan ta idrettsmerke.

Friidrettsgruppa hadde planlagt å gjennomføre nokre fellestreningar før idrettsmerke i 2022, men det fekk me ikkje til. Me ønskjer likevel å prøve igjen med å få til dette i 2023..

Friidrettsgruppa vil takke alle som har gjort ein innsats for friidretten i 2022, då me er avhengige av hjelp og dugnadsinnsats. Hjarteleg takk!!

Friidrettsgruppa v/Dag Einar Bøtun

ÅRSMELDING FOR VEKTLØFTARGRUPPA 2022

Ole Håkon Tokvam – Leiar

Dag Einar Bøtun

Ronny Hov



I 2022 har me hatt totalt 48 brukarar med treningskort.

I 2022 fortsette arbeidet med treningsrommet på skulen.

Lysbrytar vart flytta, stikkontakt til dørlås satt opp og utelampe montert av elektrikar i mars.

Rullegardiner vart hengd opp.

I april var nytt vektstativ til vektskiver og kettlebells på plass



Planlagd aktivitet 2023

Me vil ha fleire opne kveldar for dei som ynskjer å prøve lokala samt få bruksmåten til apparata vist. Dette vert i regi av Dag Einar, men me er opne for å rettleie utanom oppsatte kveldar på forespørsel.

Dugnadsbehov og planlagd arbeid

Mykje er vorte gjort, men det står att ein del arbeid før me kan seie oss ferdig:

1. Grave fram dreneringsrøyr og kople på takrenna
2. Tak over inngangsparti
3. Montere dørlås på døra inn til gymsal
4. Lage dipsstativ
5. Selja treningsutstyr på fabrikk som ikkje er i bruk
6. Setje opp flatskjerm i kondisjonsrommet

Innkjøpsbehov

Lydanlegget er modent for utskifting då knappane tidvis ikkje fungerer. Styrkegruppa har difor lagt inn eit forslag i budsjettet på 4500kr i 2023 til innkjøp av ny høgtalar, samt Chromecast til flatskjermen.

For vektløftargruppa
Ole Håkon Tokvam
Leiar

09. februar 2023

ÅRSMELDING FOR MARKNADS- OG KULTURNEMNDA 2022

Nemnda har bestått av:

Gyda Bøtun, leiar
Tirill Bøthun
Marianne Bøthun
Sverre Høgheim
Therese Bøthun

Det har vore liten aktivitet i den «nye» nemnda. Den avtroppande nemnda i 2021 hadde planlagt marknad i romjula-21. Pandemien sette ein stoppar for det, men marknaden var godt planlagt og mykje arbeid alt gjort. Difor blei det mest den «gamle» nemnda som gjorde arbeidet, sjølv om marknaden blei utsett til etter årsmøte. Lars Ove L. Hov og Reidun L. Hov må difor nemnast som deltakarar i marknaden som blei arrangert den 6. mars.

Vi prøvde ein ny vri på årets marknad ved å ha fokus på born og heile familien. Vi starta kl 16 og hadde ulike leikar for borna i matsalen. Vi hadde eiga Barnebok med loddar og den trekte vi kl 19, slik at borna skulle ha mulegheit for å vere med på trekningen. I tillegg hadde vi åretrekningar med gevinstar for born.

Så hadde vi vanleg loddbok, og lodd på loddbøkene selde vi og på butikken på førehand. Hovedboka hadde vi trekning av på slutten av kvelden, slik som vanleg.

Vi har ikkje heilt oversikt over det totale resultatet for marknaden, men vi selde loddar for 8.240 kr på barneboka og 12.350 kr på den vanlege boka. I tillegg kom åresal og leikar for borna. Så vi veit Marknaden var eit godt økonomisk bidrag til Modig .

Som vanleg tigga vi gevinstar og fekk inn mykje fine gåver og gevinstar, men idrettslaget kjøpte også inn ein del gevinstar, særleg av åregevinstar.

Det blei servert kaffi og kaker heile kvelden og saft til ungane.

Mange var i sving for å hjelpe til både før marknaden og under marknaden. Kultur- og Marknadsnemnda vil difor sende ei stor takk til alle som på ein eller annan måte bidrog med marknaden, og sjølv sagt også ei stor takk til dei som kjøpte loddar og støtta Modig på den måten.

Kultur – og Marknadsnemnda må melde at marknaden var einaste arrangementet vi har hatt i 2022, så den «nye» nemnda har ikkje fått sjansen til å vise seg dette året. Men det reknar vi med at me kan ta att seinare!

Gyda Bøtun -leiar

ÅRSMELDING FOR IDRETTSKULEN

Styret består av Sverre Høgheim, Marianne Bøthun og Dee Cunningham

Det har ikkje vore aktivitet i denne gruppa frå vår side i 2022. Me meiner at det ikkje har vore rom for meir aktivitet for borna i konkurranse med kulturskule, korps og ymse aktivitetar i Vik. I tillegg har Marita hatt eit svært godt tilbod med turn for dei yngste. Akkurat denne aktiviteten må vera midt i blinken for ei idrettsskulegruppe, slik at det – etter vår meining – er naturleg å leggja turntilbodet inn under idrettsskulen heretter.

11/2-23

Sverre Høgheim (leiar)

ÅRSMELDING FOR SPINNINGGRUPPA

Gruppa består av Siri Otterhjell, Liv Hatleli og Hild Jorun Kårtveit

Det har ikkje vore aktivitet i gruppa i 2022.

Siri Otterhjell (leiar)

ÅRSMELDING TILSYNSNEMDA FOR JASHAUGBU OG SKIHYTТА 2022

JASHAUGBU

Det har vore 61 overnattingar frå 15/2 - 16/9 2022.

Normal aktivitet med tilsyn av hytta og påfyll gass, ved osv.

Pleier å ha ein dugnad kvar sommar, der ein vaskar hytta/sengeklede og eventuelt beisar hytta om det er behov for det.

Det vart ikkje sett av tid til dugnad sommaren 2022.

Håpar ein kan få til ein dugnad sommaren 2023.

Sjølv etter korona fortsette ein med å ta i mot booking på overnattingar.

Greit å ha denne kontrollen for betalinga sin del.

Det virkar som om at dei som leiger hytta tykkjer det er fint å vite om ein har hytta for seg sjølv.

Bookinga har stort sett gått via mail.

I perioden mai til september er det ein del å holde styr på når det gjelder booking.

Det hadde kanskje gått an å fått til booking via nettsida, då hadde hatt oversikt over om hytta er ledig eller ikkje. Dette kan eventuelt takast opp med Vik Turlag.

SKIHYTТА

Det var 2 overnattingar i skihytta i 2022.

Vintergruppa hadde nokon skidagar der hytta vart brukt .

Ein bør marknedsføra hytta bedre.

Det vart heller ingen dugnad i skihytta i 2022.

Fin hytta som bør brukast meir!

Tilsynsnemda

v/ Siv Settevik